HOVE & CO
Advokater
MNA

Kongens gate 23
6002 Ålesund
Telefon 70161050
post@hoveco.no
www.advokatfirmahove.no

NVE
postmottak@oed.dep.no

Ålesund, 30. september 2019
BKH/nw

NVEs forslag til en nasjonalramme for vindkraft på land. Området 20 – Vanylven kommune. Protest.

Grunneierne Hakallegrenda AS, Johnny Kragset og Kragset Hamn har tatt kontakt hit for bistand knyttet til Høringsbrev 01. april 2019 og jeg skal innen høringsfristen formulere slik protest mot presentert Forslag til nasjonal ramme for vindkraft på land:

Ved forslaget kan en få inntrykk av at utbygging innen Område 20 er relativt konfliktfritt. Det er på ingen måte tilfellet.

Kvalifisert høgt konfliktnivå:
I Vanylven kommune er konfliktnivået kvalifisert høgt. Som det nok vil være kjent gjorde Tussa Energi AS / Zephyr AS og Vestavind Kraft AS i 2010 framstøt i retning av å vurdere utbygging av vindkraft i Vanylven. Den lokale motstanden fra grunneiere og befolkning var så stor at forsøket ble avsluttet.

Jeg viser om dette siste til

Bilag 1: Pressemelding fra Vern Hovda 26.04.10

Bilag 2: En rekke oppslag fra 2010.

I avisa Vestlands Nytt uttaler direktør i Tussa AS – Elling Dybdal nå 23. mai 2019 bl.a. følgende:

> *«Vi var mellom interessentane både med tanke på Haugshornet vindpark og ei eventuell utbygging av Vanylven for ein del år tilbake. Men motstanden var stor, og det vart jambels slått fast at vindresursen ikkje er god nok. Difor er det litt overraskande at dei same områda kjem på bordet som aktuelle igjen. Utover det kan eg berre slå fast at Tussa ikkje har nokon planar om å engasjere seg i vindkraft for tida.»*

Motstanden mot utbygging av vindkraft i land på Vanylven var stor i 2010. Den er vesentlig større i 2019.

Konklusjonen må være at NVEs dokument kort og godt er uegnet til bruk. Dette som generell uttalelse knyttet til dokument utsendt til høring.

I strid med Kommuneplan og gjorte private investeringer:
Dertil kommer at mine parter – i tråd med Vanylven kommunes Kommuneplan – har satset tungt på utvikling innen reiseliv, turisme og fritidsboliger innen sine eiendommer. Ved Vanylven kommunes Kommeplandokument som løper fram til 2020, heter blant annet følgende:

> *«I samsvar med samfunnsplanen sin ambisjon om auka satsing på reiseliv, legg denne arealplanen opp til at relativt omfattande område få endra arealbruksstatus til område for fritidsbustader. ....*
>
> *Kommunen vurderer områda på Hakallestranda og Slagnes som dei områda med størst kommersielt potensial. Ei vurdering av potensielle konfliktar, utbyggingspotensial, og omsyn til landbruket har ført til at Hakallestranda er framlagt som det største utbyggingsområdet for fritidsbustader. For å unngå ei fragmentert utbygging og for å halde på ei arealreserve, har ein vald å knytte rekkefølgeføresegne til nokre av dei største områda……*
>
> *…… Tilsvarande er område med små, få eller ingen teknisk inngrep, i tillegg til andre områder som har særskilte rekreasjonsverdiar, avsett til LNF-retningslineområde med vekt på friluftsliv. Dette gjeld til dømes store delar av fjellområda i kommunen. I tillegg nokre område med omfattande fjernverknad og stor verdi for innbyggarane sin identitet – som t.d. Skåratindane, Tunheimshornet, Kragsethornet og Nystøylhornet. Deler har kystsona har blitt gitt eit særskilt vern med byggeforbodsone, der også byggetiltak som elles er tillete gjeld LNF-områda ikkje bør finne stad. Vidare er det lagt opp til eit løypenett av turvegar langs strandkanten, vassdrag og med tverrsamband. Desse skal ha som funksjon å knytte busetnadane nærare saman, oppmuntre til fysisk aktivitet og alternative transportmåtar som til dømes sykling og sikre fri ferdsel i nokre av dei viktigaste områda for rekreasjon i kommunen. Tilsvarande er det lagt opp til utbygging av viktige tverrsamband av turvegar over fjella på Hovda slik at Hakallestranda, Sør-Brandal og Sandnes / Eidså knytast nærare saman. Eksisterande stiar er også markert i plankartet. ……*
> *……*
> *Det store satsingsområdet for utbygging av fritidsbustader vil vere Hakallestranda i Åram, med tyngdepunkt rundt Sandvika. Det er lagt inn eit nytt område for reiselivsutvikling i bakkant av Sandviksanden, områda for fritidsbustadar ligg i hovudsak på austsida av Fylkesvegen og utan sjøkontakt, men med panoramautsikt over Vanylvsgapet, Stadtlandet og Haugsholmane……*
> *……*
> *For å tilfredsstille eit framtidig behov for småbåtplassar i samband utbygging av fritidsbustader, er det sør for Flugevågen sett av eit større område for utbygging av småbåthamn. Dette området ligger vesentleg mindre eksponert for brottsjø enn andre områder lenger nord på Hakallestranda, og er venta å kunne gi rom for fleire hundre båtar. Kommunen tilrår at heile området rundt Flugevågen inngår i ein felles detaljplan slik at ein også kan sikre det sårbare kystlandskapet som friareal i framtida. Også ei utviding av eksisterande hamn på Klovningen er planlagt, for å unngå fleire små anlegg på Hakallestranda.....*
> *……*
> *Det er vedteke at reiselivsutvikling skal være eit satsingsområde i kommunen i denne planperioden og ei auke i fritidsbustader vil naturlegvis ha konsekvensar. Dei områda som er valde ut vil derfor blir utsett for naturinngrep. Ein ynskjer å styre dette gjennom dei vedtektene og retningslinjene som er ein del av denne planen. Reguleringskrava vil i framtida bli handheva sterkare slik at spredd utbygging av hytter som har vore norma i kommunen tidlegare vil bli sterkt redusert. Og krava til terrengtilpassing av byggingsestetikk vil i mykje sterkare grad gjera seg gjeldande i ein situasjon der ein vanskeleg kan unngå at utbygging av fritidsbustad vil gjera eit markant inntrykk.»*

Kragset Hamn har bygd fem sjøhus med 40 senger / gjesteplasser og arbeider med planer om videre utvikling / vekst av tilsvarende omfang.

Hakallegrenda AS har under utvikling hyttegrend med 40 fritidshus hvor all infrastruktur ved betydelige investeringer alt er framført. 15 enheter er dertil oppførte.

På strekninga Klovningen til Sandvika er ellers under utvikling flere områder til samme formål.

Når det slik satses på reiseliv / friluftsliv / fritidsboliger i disse områder har det selvsagt sin bakgrunn i naturgitte forhold – ikke minst nærhet til uberørt natur, nærhet til sjø, havutsikt m.v. Alt dette vil bli konsumert / utradert for evigheten om det åpnes for vindturbiner i nærheten slik dokumentet nå synes mene at det ligger til rette for. Utover å gjøre ubotelig skade og inngrep i denne kystnaturen vil utbygging også slå beina økonomisk under mine parters ikke ubetydelige investeringer og fremtidsplaner. Investeringer gjort i tillit til Vanylven kommunes oversiktsplan – Kommuneplanen, jf. det ovenforsiterte.

Det nekter mine parter å akseptere og jeg ber areal innen Vanylven kommune i sin helhet tatt ut av NVEs Forslag til nasjonal ramme for vindkraft på land. Planprosessen må ha vært ikke lite sviktende når Vanylven av Direktoratet er utpekt til å være blant «de mest egnede (områder) for vindkraft på land i Norge».

Vindkraftutbygging her aksepteres kort og godt ikke.
Områdene i Vanylven er uegnet for vindkraft på land. Hverken menneskene, mine parter eller naturen der aksepterer slike inngrep som vindkraftutbygging medfører.

Med vennlig hilsen

Bjørn Kristian Hove
advokat

Vedlegg

BILAG 1

Pressemelding frå Vern Hovda 26.04.10

Vern Hovda har hatt som mål å stoppe planane om vindmøllepark på Hovda i Vanylven kommune.

Det er derfor med stor glede vi har motteke varsel om at utbyggingsselskapa Tussa, Vestavind Kraft og Zephyr legg vekk planane om vindmøllepark på Hovda.

Vi meiner det er eit godt og klokt val kraftselskapa har gjort.

Dette er ikkje berre ein siger for det store fleirtal blant grunneigarane, innbyggarane og andre med interesse for området, men ein stor siger for framtidige generasjonar.

Hovda er med sine store flater på høgfjellet (400-600m) ytterst ute i havgapet, norges største kysthøgslette og soleis ei unik halvøy på Søre Sunnmøre. Kystlyngheiane er og karakteristiske og særpregar området.

Synleggjering av områdets kvalitetar, samt skaffe til veie relevant informasjon og oppslutningsnivå blant grunneigarane og folket har vore viktig del av aksjonsgruppa sitt arbeid.

Vern Hovda har gjennomført eigne grunneigarundersøkelsar (90% oppslutning), som viser kor sterk motstand har vore.

For området Sandviknakken seier 70% av grunneigarane nei til planane, for Nystøylhornet er 65 % negative.

For området Sandvika, eit området som ville verte sterkt berørt med tilkomstvegar, kort avstand til turbinane og visuelle påvirkning har grunneigarane ikkje har blitt førespurt av utbyggarane. Her har over 90% av grunneigarane sagt nei til planane..

Vi meiner det var eit vesentleg feilgrep at Vanylven kommune skapte urealistiske forventningar hos utbyggarane, som ikkje har hatt samsvar med virkelegheitsbilete og folkeviljen.

Vern Hovda håpar for framtida ein sterkare lojalitet frå Vanylven kommune si side i forhold til demokratisk utvikla planverk, og openheit og inkludering som måtte gå på tvers av dette.

Vi håpar også at sentrale myndigheiter vil utarbeide ein overordna miljø- og energiplan, kor heilskap vert det bærande prinsipp.

Hakallestrand, 26.04.10

Aksjonsgruppa Vern Hovda

Kontaktinformasjon:
Randi Nygjerde
tlf 70026009 / 922 31688
ny-gjerd@online.no

BILAG 2

Staurgale i Geiranger

NYHETER 11

Nå braker det løs i Canada

SPORT 11

Bystyret berget tennishallen

NYHETER 3

FREDAG

Sunnmørsposten

12. februar 2010 Nr. 36 128. årgang Pris kr 20,- smp.no

Merkar auka aktivitet

Kleven-direktør Ståle Rasmussen signerer ny kontrakt og merkar auka etterspørsel.

NYHETER 9

Remøy kjøper indisk

Åge Remøy og Rem Offshore har kjøpt eit nybygg frå eit indisk reiarlag.

NÆRINGSLIV 16

Kan man bli sjuk av å være mye ute på tur?

HELGA SYNNEVÅG LOVOLL

MENINGER 15

FOTO: KNUT ARNE AARSET

Føler seg lurt

– Vanylven har lurt oss. Først skal dei satse på turisme, så vil dei ha vindturbinar på høgde med Oslo Plaza, seier Dagfinn Gundersen, Per Halsebakke og Ove Sivertstøl.

NYHETER 12

Så mange rimelige billetter at vår planene dine vil fly av gårde! Fly salg

Riga fra 430,-

Athen, Barcelona, Milano fra 620,-

Og mer enn 50 andre destinasjoner

Salg fram til 15 februar. Reiseperiode: 22 februar – 31 mai, 2010. Pris gjelder enveis billett inkludert skatter og avgifter. Begrenset antall seter tilgjengelig. Flygninger fra Oslo, Bergen, Stavanger, Ålesund og Tromsø via Riga.

airBaltic.com

Bles i turismen



RIV SEG I HÅRET. Johnny Kragset er eigedomsmeklar og hytteutbyggjar.

FOTO: KNUT ARNE AARSET



– Kommunen erklærte dette som turistområde, for så å ta initiativet til å få bygd 35 vindmøller på høgd med Oslo Plaza.

VANYLVEN. Grunneigarane Ove Sivertstøl, Per Halsebakke og Dagfinn Gundersen på Hakallestranda rasar mot Vanylven kommune.

– Dei einaste «turistane» som vil kome hit om vindmølleparken kjem, er folk frå Syvde og andre nabobygder som køyrer dagstur hit for å sjå kor gale det har blitt, meiner Sivertstøl.

Lokka. I området er det hyttefelt, turistgardar og planar i hopetal, blant anna om hotell.

I den nye kommunedelplanen vert området trekt fram som turistsatsingsområde.

Grunneigarane meiner det kommunale Vanylven Vekst og kommunen har lokka kraftaktørane Vestavind, Zephyr og Tussa til bygda med sine gedigne vindparkplanar.

– Vi grunneigarane vart informerte først 20. januar. Ingen politiske utval har handsama saka. Men planane er fiks ferdige, og dei er snart klare til å søkje konsesjon, seier Sivertstøl.

Lurt. – Eg er lurt av kommunen, seier Dagfinn Gundersen, som sist haust flytta frå Skodje til Hakallestranda for å pusse opp eit småbruk og drive med kulturformidling og småskalaturisme.

– Glimrande, sa kommunen. Og dei sa ikkje eit ord om dei store vindparkplanane. Det var i august, eit halvår etter første møtet mellom Vestavind og kommunen.

Per Halsebakke har utarbeidd planar om hotell ved Sandviksanden.

– Med vindpark som næraste nabo vert det ikkje noko av. Turisme er uforeinleg med det der.

Omringa. Johnny Kragset er i ferd med å byggje opp eit hyttefelt i Sandvikdalen.

– Feltet vert omringa av vindmøller. Eg ville ikkje ha satsa ei krone på turisme på ein stad med vindmøllepark i nabolaget, seier Kragset.

Han skuldar kommunen for å ha sett demokratiet til side, for bakhaldsangrep på grunneigarane og dei som satsar på turisme i bygda og for å ville ofre Hakallestranda.

– Og det berre for rundt sju millionar i årlege skatteinntekter, seier Kragset.

Armodsteikn. Ove Sivertstøl er samd: – Berre dei fattigaste kommunane finn på å selje indrefileten sin for småpengar. Vindmølleparkane vert eit armodsteikn.

Han karakteriserer det som no skjer som det største bu-ulyststiltaket i Vanylven. Kommunen har hatt eit bulystprosjekt gåande i mange år.

– Utan å spørje trekkjer kommunen framande over dørstokken vår, seier han.

SVEIN NORDAL
svein.nordal@smp.no

KNUT ARNE AARSET (FOTO)
knut.arne.arset@smp.no

FAKTA

- Vestavind, Tussa og Zephyr planlegg bygging av 35 vindturbinar på Nyestoyhornet, Sandviknakken og Myklebustheida.
- Fullt utbygd vil anlegget kunne produsere 80 MW.
- Anlegget får seks tilsette.
- Området er frå før utpeika som turistsatsingsområde, og turistsatsinga er i full gang.
- Utbyggjarane ynskjer å føreta vindmålingar i år, og søkje konsesjon om eitt år. Byggjestart kan bli i 2013.

KAMPLYSTNE. Ove Sivertstøl, Per Halsebakke og Dagfinn Gundersen framfor området som kan bli framtidig vindpark.

Dette er eit bakhaldsangrep frå kommunen

JOHNNY KRAGSET

LURT. – Eg er lurt av kommunen, seier Dagfinn Gundersen, som har flytta frå Skodje til Vanylven for å satse på småskalaturisme og kulturformidling.

Lanseres som NHO-kandidat

NYHETER 9

Feiret milepæl på sjukehuset

LOKAL 2

Da bombene haglet

NYHETER 6

TIRSDAG

Sunnmørsposten

27. april 2010 Nr. 95 128. årgang Pris kr 20,-

smp.no

Øvingslokale ble stengt

Støy stopper band-øvingene på allaktivi-tetshuset i Ålesund.

KULTUR 1

Krev samla Sunnmøre

Sunnmøre må samle seg om eitt alternativ for ferjefritt frå søre til Ålesund, meiner Frank Sve

SAMFUNN 17

Det er bare å nyte stunden, gripe dagen, klippe ut tabellen ...

SPORT 6

Vil til Breivika

Bunnpris-kjeden vil til Breivikgården. Kjøp-mann og investor Erik Berg vil vokse.

NÆRINGSLIV 18

VINNARANE. Ove Sivertstøl, Per Halsebakke og Dagfinn Gundersen i Vern Hovda kan juble etter vekkleggінga av planen om å byggje 35 vel hundre meter høge vindmøller på fjellområdet bak dei. FOTO: KJETIL ARNE AARSET

Vann møllekampen

Motstanden mot vindmøllepark i Vanylven vart for stor. Tussa legg planane på is på ubesemt tid.

NYHETER 10

Planteskulen visna

Øyflora planteskule i Kvalsvika må gi seg etter 59 års drift.

NYHETER 14

FRAMTIDA. Manipulert bilete som syner Sandviksanden, der det er planlagt hotell i enden, og vindturbinåsane i bakgrunnen. I dalen opp til høgre er det store hyttefelt. BILETMANIPULASJON: RYSTE 3D.

– Eg tek ansvaret

– Det var ikkje kommunen som inviterte Vestavind til Vanylven. Det tek eg ansvaret for.



ORDFØRAR. Jan Helgøy var på vindkraftmøtet berre ein time, fortel han.

ATTRAKSJON. – Eg tok initiativet, og eg trur vindparken kan bli ein attraksjon, seier Bent Westad i Vanylven Utvikling, tidlegare Vanylven Vekst.

INVITERTE. Det seier Bent Westad.

– Som leiar i Vanylven Vekst på nyåret i fjor var eg på vindkraftseminar i Sandane. Eg inviterte Vestavind Kraft til eit møte i Vanylven, der det også deltok representantar frå Vanylven kommune, seier Westad.

– I tillegg til meg sjølv og representanten frå Vestavind Kraft var planleggjar Randi Årønes, landbrukssjef Atle Arnesen og ordførar Jan Helgøy til stades, seier Westad.

Seinare var det møte med Zephyr, og no sist deltok også Tussa.

Ein time. Ordføraren stadfestar at han var på vindmøllemøte i fjor.

– Men eg kan ikkje ha vore inne på møtet lenger enn ein time, seier Helgøy, som avviser at kommunen skal ha sendt ut positive signal til verken Vestavind, Tussa eller Zephyr, som vil samarbeide om vindparkutbygginga.

Helgøy fortel at han i den politiske handsaminga av saka vil erklære seg ugild, då han er grunneigar på fjellet.

Takkar. I eit brev takkar Tussa Vanylven kommune for initiativet, noko Westad meiner har rot i ei mistyding.

– Eg åleine tok initiativet, seier Westad.

– Men Vanylven Vekst var eit kommunalt føretak, og du hadde kontor på rådhuset?

– Ja, det stemmer, seier Westad.

Attraksjon. Han trur grunneigarane på Hakallestranda ser for mørkt på planane om vindturbinar. – Det treng ikkje å vere nokon motsetnad mellom turisme og vindpark. Berre sjå på Smøla: Folk reiser jo dit for å sjå på vindmøllene. Dei er ein attraksjon, hevdar Westad.

SVEIN NORDAL
svein.nordal@smp.no

KVOTEKAMP. Arild Karlsen er saksøkt av Stig Remøy etter striden om kjøp av torskekvotar. ARKIVFOTO

Ankar Remøy vs Karlsen-dommen

Tromsø-reiar Arild Karlsen meiner dommaren var inhabil, og ankar dommen i saka mot Stig Remøy.

SØKSMÅL. I den siste av ein serie rettssaker mellom dei to reiarane vart Arild Karlsen sitt selskap Nordic Light Invest dømd til å betale rundt 16 millionar kroner i erstatning til Olympic Fiskeri AS, eit selskap som då striden tok til var heileigd av Stig Remøy frå Herøy.

Krangelen mellom dei to handlar om retten til ein verdifull torskekonsesjon.

Arild Karlsen ankar dommen i erstatningssaka til lagmannsretten både på grunn av sakshandsaminga, bevisvurderinga og rettsanvendelsen.

Den viktigaste sakshandsamingafeilen er, etter ankeparten sitt syn, at dommaren i tingretten er inhabil.

– Dommaren har hatt ein langvarig og nært forhold til Andenes-samfunnet, sentrale næringsaktørar på Andøy, og ikkje minst noverande majoritetseigar i Olympic Fiskeri AS, Andenes Havfiskeselskap og Andreas Haugen, meiner advokat Børre Hansen, som representerer Arild Karlsen.

Han viser til at Andenes Havfiskeselskap, som er selskapet til Haugen- familien, kan risikere å måtte betale ei erstatning på opp til 125 millionar kroner, dersom Arild Karlsen vinn fram med alle sine krav.

SVEIN AAM
svein.aam@smp.no

Gjev opp vindmølledra

Motstanden vart for sterk i Vanylven

VINDKRAFTMOTSTANDAR Johnny Kragset rosar Tussa, og meiner dette er ein seier for framtidige generasjonar.

SKRINLEGG PLANANE. – Det sit langt inne å innrømme det, men vindmøllemotstandarane har vunne fram, seier Svein

Som i Ylvingen i Himmelblå er vanylvingane berga frå vindmøllene.

VINDKRAFT. – På grunn av den store motstanden, legg vi planane om vindmøllepark i Vanylven på is. På ubestemt tid, seier Svein Vassbotn i Tussa.

Dermed ser det ut til å gå i Vanylven som i Ylvingen, der ein i søndagens episode av NRK-serien «Himmelblå» avbles vindmølledraumen.

Bygdestrid. Dermed vert det ingen ting av ein vindmøllepark med 35 vindmøller på høgd med Oslo Plaza på Hovda i Vanylven.

– Tussa ynskjer ikkje å gå i gang med eit prosjekt der motstanden er så stor, seier Vassbotn.

– De ynskjer ikkje å stimulere bygdestriden som har oppstått?

– No kjenner eg ikkje detaljane, men forstår det slik at frontane har vore steile. Og motstanden var aller sterkast på dei beste lokalitetane, Nystøylhornet og Sandvikdalen, konstaterer Vassbotn.

Tussa har gjort eit klokt val

JOHNNY KRAGSET

Motstand. Desse fjellområda ligg ovanfor Hakallestranda, eit område som er utpeika i kommuneplanen som turistsatsingsområdet i Vanylven kommune.

Der har vindkraftmotstandarane starta motstandsgruppa Vern Hovda. Dei har gått til frontalangrep på Tussa, Zephyr og Vestavind sine planar.

På gløtt. Eit tredje område, Myklebustheida, ligg ovanfor Nordstranda, der eit knapt fleirtal av grunneigarane var positive til vindpark-planane.

– Men dette området lønner det seg ikkje å byggje ut separat. Dette området har dårlegare vindtilhøve enn dei to andre, seier Vassbotn.

– Betyr dette at planane vert lagt bort for alltid?

– Nei, vi legg planane på is på ubestemt tid. Når tanken har fått modne i nokre år, kan det vere at vi luftar ideen på nytt, seier Vassbotn, som arbeider med vindkraft, bølgjekraft og biokraft hos Tussa.

Haugshornet. I Vanylven si nabokommune Sande fekk Tussa med seg grunneigarane på vindparkplanar på Haugshornet, men der sa NVE nei. Tussa anka saka, og departementet skal ta stilling til saka før ferien.

Stor seier. – Dette er ikkje berre ein seier for det store fleirtalet av grunneigarar. Det er også ein seier for framtidige generasjonar, seier vinkraftmotstandar Johnny Kragset i Vern Hovda.

– Tussa har gjort eit klokt val. Dette viser at selskapet legg stor vekt på demokratiske prosessar, seier Kragset.

Han og dei andre i Vern Hovda er mindre imponert over Vanylven kommune, som dei meiner lokka Tussa på feil premissar:

– Vi håper på ein sterkare lojalitet frå Vanylven i forhold til openheit og inkludering.

SVEIN NORDAL
svein.nordal@smp.no

KNUT ARNE AARSET (FOTO)
knut.arne.arset@smp.no



SKREKKVISJONEN. Vindmøllemotstandarane sin skrekkvisjon vert likevel ikkje røyndom.

DISTRIKT



STRIDENS KJERNE er ein planlagd vindpark i havgapet. Illustrasjonsfotoet er ikkje tatt i Vanylven.

– Knebla demokrati

Hevdar forskjellsbehandling i Vanylven

– Formannskapet i Vanylven driv med forskjellsbehandling og kneblar demokratiske ytringar.

VINDMØLLESTRID. Det seier Ove Siverstøl i aksjonen «Nei til vindmøller på Hovda».

– Det gjer vi absolutt ikkje. Vi vil hindre ytterlegare splid i bygda. Dessutan har motstandarane mot vindmøller kome med feilinformasjon, seier fungerande ordførar Magne Løvoll.

Store planar. Vestavind Kraft, Tussa og Zephyr ynskjer å byggje 35 vindmøller på høgd med Oslo Plaza på Hovda i Vanylven. Ein del av bygdefolket er sterkt imot dette, og har starta aksjon for å få stoppa prosjektet.

Utruleg nei. – Som eit supplement til internettaksjonen har vi lagt ut underskriftslister. Sidan mange ferdast på rådhuset, ville vi leggje ut lister der. Men formannskapet sa nei, utruleg nok, sukkar Siverstøl.

– Kvifor reagerer du på dette?

– Eg er skuffa over at eit politisk valt organ hindrar demokratiske uttrykk. Og det er ikkje så lenge sidan det låg ute ei underskriftsliste på rådhuset, ei liste til støtte for Volda sjukehus, seier Siverstøl.

Sensur. Han meiner det er svært underleg at den eine ytringa skal få innpass i rådhuset, og den andre ikkje.

– Skal det vere slik at politikarane skal seie ja til aksjonar dei sjølve støttar, og sensurere andre? Undrar Siverstøl, som synest dette har lite å gjere med demokrati.

Splid. Om det er slik at politikarane sa nei til lista for å unngå splid i bygda, så er det for seint, meiner Siverstøl.

– Kommunen og Vanylven Vekst har med å ta initiativet til vindmøllesatsinga sjølve skapt sterk strid i bygda. Det har danna seg to leirar, for og imot vindturbinpark. Det er ikkje slik at vi ikkje snakkar med kvarandre, men det har oppstått ein klar splid i dei tidlegare harmoniske bygdene Nordstranda og Hakallestranda, seier Siverstøl.

Avviser. Sidan Jan Helgøy har meldt seg ugild i denne saka, er Magne Løvoll ordførar i vindmøllesaka.

Han avviser blankt at kommunen kneblar demokratiet.

– I sjukehussaka er det berre eitt syn i kommunen. I vindmøllesaka er det to sterkt motstridande syn, og vi fann det ikkje rett å leggje ut lista, seier Løvoll.

– Så underskriftslister kan berre leggjast ut på rådhuset i saker det er semje om?

– Ja. Når vi i tillegg veit at motstandarane har kome med feilinformasjon, blant anna i form av manipulerte bilete, ville det verkeleg har vore feil å lagt ut underskriftslistene deira på rådhuset, seier Løvoll.

– Kva med ei for- og ei imotliste?

– Nei, eg meiner partane bør kommunisere i opne møte, seier Løvoll.

SVEIN NORDDAL
svein.nordal@smp.no

MOTANGREP. – Vi fann det ikkje rett å leggje ut listene. Mostandarane har jo også kome med feilinformasjon, seier Magne Løvoll, som fungerer som ordførar i vindmøllesaka, sidan Jan Helgøy har meldt seg ugild. FOTO: KNUT ARNE AARSET.



MOTSTANDSGRUPPA. Ove Siverstøl (til høgre) hevdar dei folkevalde i Vanylven hindrar demokratiske ytringar og gjer forskjellsbehandling. Her saman med Dagfinn Gundersen og Per Halsebakke i aksjonsgruppa "Nei til vindmøller på Hovda". FOTO: KNUT ARNE AARSET.

Jon Aasen 1. mai-talar i Volda

Jon Aasen (biletet) frå Almklovdalen held hovudtalen 1. mai i Volda. Som leiar i folkeaksjonen for å bevare akuttfunksjonen ved sjukehuset, skulle han vere godt kjend for voldingane.

I følgje lokalavisa Møre er det Volda Ap, Volda SV og LO som samarbeider om 1. maiarrangementet. Jon Aasen (Ap) er tidlegare fylkesordførar i Møre og Romsdal. Han har markert seg som ein tydeleg frontfigur i den pågåande kampen for lokalsjukehuset og ikkje overraskande blir dette også tema Aasen tek opp i talen på denne tradisjonsrike kampdagen for arbeiderklassa. Aasen vil også ta opp problemet med den vanskelege energisituasjonen i fylket og også dvele litt ved den politiske stillinga på riksplan.

Vindkraft lagt på is

Grunna stor motstand mot vindkraftutbygging mellom grunneigarane i dei aktuelle områda er planane om vindkraftutbygging i Vanylven lagt på is.

HÅVARD PARR

Måndag sende dei tre selskapa Zephyr, Vestavind Kraft og Tussa ut melding om at planane om setje opp vindmålemaster i fleire område i Vanylven kommune er langt på is.

– Det er grunneigarane vi har forhalde oss til, seier ein skuffa prosjektleiar i Tussa, Svein Vassbotn.

Han fortel at utbyggarane i etterkant av grunneigarmøtet 20. januar sende ut svarskjema til 99 grunneigarar med spørsmål om korleis desse forheldt seg til oppsetjing av vindmålemaster og ei eventuell førehandsmelding til NVE. Etter at over seksti prosent av svare har kome inn var berre 40 prosent interesserte i at målemaster vart sett opp, og berre 27 prosent positive til å sende førehandsmelding til NVE.

– Forholdet burde iallfall vore omvendt om vi skulle gått vidare med dette. Og i fylgje partnerane våre så har grunneigarar andre stader vore mykje meir positive til utbygging, seier Vassbotn.

Kjenner de dykk på noko vis ført bak lyset frå Vanylven kommune?

– Nei, det gjer vi ikkje, seier prosjektleiaren

SKUFFA: Prosjektleiar i Tussa, Svein Vassbotn er skuffa over at vindkraftprosjektet er lagt på is. "Vi har ikkje noko ønske om å skape ein opprivande prosess mellom grunneigarane", står det å lese i pressemeldinga frå kraftselskapa om avgjerdsla.

GLEDE: I aksjonsgruppa Vern Hovda var det stor glede då meldinga kom. Mellom dei aktive i gruppa er frå venstre: Randi Nygjerde, Liv Fluevåg, Ove Sivertstøl, Anne Grethe Kragset og Dag Molvik

Glede i Aksjonsgruppa

I aksjonsgruppa Vern Hovda, som har drive ein aktiv kamp for å stoppe utbyggingsplanane, er det stor glede. I pressemeldinga dei sende då avgjerdsla om å legge planane på is var klar, heiter det mellom anna: "Dette er ikkje berre ein siger for det store fleirtalet blant grunneigarane, innbyggjarane og andre med interesse for området, men ein stor siger for framtidige generasjonar"

Gruppa har gjort eigne grunneigarundersøkingar som syner at 70 prosent av grunneigarane i området Sandviknakken og 65 prosent for området Nystøylhornet seier nei til planane.

– Tussa har eit forhold til folket her i området, og er avhengig av omdømmet sitt, seier ein av dei aktive i aksjonsgruppa, Ove Sivertstøl. Både han og dei andre vi har snakka med i gruppa er overbeviste om at engasjementet som har kome fram gjennom motstanden har vore heilt avgjerande for dette utfallet.

Til etterretning

Leiar i Vanylven Utvikling AS, Bernt Westad, er for tida på ferie i Tyrkia og kjende ikkje til siste utviklinga i vindmøllesaka då vi hadde kontakt med han tysdag.

– Men til dette er å seie at viss kraftselskap, grunneigarar og for den del politikarar har kome til at det er best å legge bort saka, så er det heilt greit for oss. Eg tok eit initiativ overfor Vestavind Kraft i si tid. Bakgrunnen var at det skjer ting på denne fronten sør for fylkesgrensa og vi ville gjerne ha vurdert – og eg seier vurdert – om vi kunne bli med i eit "cluster" på dette området for å kalle det slik.

– Men har de kasta blår i augene på kraftselskapa på denne måten?

– Nei, det vil eg bestemt avvise. Den prosessen som har vore køyrd, har vore køyrd av dei samarbeidande kraftselskapa og dei har no trekt ein konklusjon som vi tar til etterretning, seier Bernt Westad.

UPROBLEMATISK: Leiar i Vanylven Utvikling, Bernt Westad, ville ha vurdert mogelegheitene.

– Skuffa

– Ja, eg er skuffa over at dette vart kvelt i fødselen og at vi ikkje fekk utgreidd kva mulegheiter som ligg i desse områda, mellom anna med vear som gir fleire tilgjenge til fjellområda. Eg meiner, og det har eg også sagt i møte, at vi har så store areal i Vanylven at om vi jenkar oss etter kvarandre, er det plass til både vindkraft og turisme, seier varaordførar Magne Løvoll.

– Dette at du, heilt frå grunneigarmøtet, klart flagga eit synspunkt der du er positiv til vindmåling og utgreiing, kan vel oppfattast som at kommunen tek stilling her. Du er trass alt fungerande ordførar i denne saka?

– I denne fasen er det grunneigarane og utbyggjarane som er i dialog. Kommunen ville ha kome inn på eit seinare tidspunkt med sine merknader og meiningar i ei politisk behandling. Men eg synest at eg i ei så stor og viktig sak har plikt til å seie det eg har sagt. Eg har personleg nytta tida til å samle meg kunnskap om vindmøller med sikte på ei eventuell politisk behandling som det no altså ikkje blir noko av.

– Men har ikkje di og andre si positive haldning vore med å kasta blår i augene på utbyggjarane?

– Desse synspunkta ser eg også framsett mellom annan i Sunnmørsposten. Men det vil eg på det mest bestemte avvise. Eg vil også tru at de vil få eit anna svar om de vender dykk til dømes Tussa med dette spørsmålet, seier Magne Løvoll.